



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Stord rådhus  
**Dato:** 25.02.2019  
**Tidspunkt:** 14.00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

**Saksliste**

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/19	Årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/85
PS 4/19	KPMG presenterer interimstrevisjonsrapport for 2018		2015/178
PS 5/19	Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene - status i arbeidet		2018/77
PS 6/19	Kurs i regi av KPMG		2016/2
PS 7/19	Møteplan 2019 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/40
PS 8/19	Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 - Stord kommune		2016/55
PS 9/19	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 10/19	Referatsaker		
RS 1/19	Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - partsbrev		2017/108
RS 2/19	Tilsynsrapport Stord sjukeheim oktober 2018		2014/298
RS 3/19	Tilsynsrapport Rehabiliteringssenteret oktober 2018		2014/298
RS 4/19	Rekneskapsresultat 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune		2015/179
RS 5/19	Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune		2015/179
RS 6/19	Psykisk utviklingshemma - Tolgasaka		2016/2
RS 7/19	Mediaklipp i Sunnhordland febr. 19 om orientering i formannskapet		2016/91
RS 8/19	Invitasjon til høring - ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift		2019/11
RS 9/19	FKT - Høringsutkast - Veileder - Kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor		2019/13
RS 10/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2019		2019/13
RS 11/19	NKRF kontrollutvalgskonferanse 30.-31. jan. 19 - program		2016/2



**PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 004  
Arkivnr: 2016/85-13  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	3/19	25.02.2019

## Årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune

### Samandrag

Sekretariatet har utarbeidd forslag til utvalet si årsmelding for 2018. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

### Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak, slik det og har vore gjort dei siste åra.

### Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

1 Årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



# ÅRSMELDING 2018

## FOR KONTROLLUTVALET

I

## STORD KOMMUNE



### **Kontrollutvalet i Stord kommune**

Foto: Hogne Haktorson

## 1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

## 2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 har hatt ulik samansetnad denne valperioden, men samansetnaden har vore stabil siste to åra:

### **Medlemmar i 2017 og 2018:**

Fredrik Litleskare (H)	leiar, og kommunestyremedlem
Peggy Husevik Bærøy (V)	Nestleiar.
Odd Ståle Larsen (Frp)	medlem
Anna Herborg Førland Ap)	medlem
Tarjei Haga (Ap)	medlem

## 3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2018**

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2018 og handsama 55 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

## 4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pkt.10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

*Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»*

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Stord kommune. Hogne Haktorsen har vore sekretær på møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. Dessutan for kontrollutvalet til Bergen kirkelige fellesråd.

I 2015 vedtok kommunestyret å lysa sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Etter anbudskonkurranse gjorde kommunestyret slikt vedtak i møte 24.11.16 (sak PS 86/16):

*«Hordaland fylkeskommune vert vald til leverandør av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i perioden 01.01.2017 til 30.07.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år».*

## 5 Revisjonstenesta og revisjonsordninga

### Revisjonstenesta.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006. Revisjonsordninga vart vurdert av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2016, og kommunen valde å halda fram med denne revisjonsordninga.

Kontrollutvalet har handtert konkurranse om revisjonstenester for perioden 01.07.2017 til 30.06.2021. Utvalet innstilte på KPMG, og kommunestyret engasjerte KPMG for noverande avtaleperiode.

KPMG har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor har vore partner i KPMG Willy Hauge. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at KPMG er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.



## **6      *Arbeid med forvaltningsrevisjon.***

### ***Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020***

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*  
*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

Deloitte AS, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet i 2016 med analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøte, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 84/16).

#### **6.1    *Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon***

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.*»

#### **6.2    *Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar.***

Kontrollutvalet bestilte 04.04.17. **Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar.**

Det var førre revisor, Deloitte, som gjennomførte prosjektet. Av ulike årsaker var det noko forseinking undervegs, men utvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten 15.05.18 i sak PS 27/18, der det vart gjeven slik innstilling:

1. *Kommunestyret ber rådmannen syta for å følgja opp dei 11 tilrådingane inkl. underpunkt, slik dei står oppført i forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar, kapittel 6 om konklusjon og tilrådingar.*
2. *Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.10.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Kommunestyret hadde saka oppe 24.05.18 som sak PS 21/18. Forvaltningsrevisor Line Margrethe Johansen frå Deloitte informerte om revisjonen, og kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå kontrollutvalet.

Handlingsplan frå rådmannen vart handsama av kontrollutvalet 29.10.18 i sak PS 50/18, der det vart fatta slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt.*
2. *På bakgrunn av framdriftsplanen vidare, herunder revisjon av prosjekthandbok med tilhøyrande rutinar / prosedyrar og malar, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 8.4.2019.*

Kontrollutvalet vil informera på nytt om oppfølgingsarbeidet i årsmelding for 2019.

### **6.3 Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging.**

Kontrollutvalet bestilte 01.03.18. **Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging.**

Etter fleire milepelsrapporteringar var rapporten klar for handsaming av kontrollutvalet 29.10.18 i sak PS 51/18. Utvalet gav slik innstilling:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
  - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
  - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.
2. At einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. At kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.3.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kommunestyret hadde saka oppe 18.12.18 som sak PS 62/18. Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud frå KPMG informerte om revisjonen, og kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vil informera på nytt om oppfølgingsarbeidet i årsmelding for 2019.

### **6.4 Forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri.**

Kontrollutvalet bestilte hausten 2018 **Forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 13 – 30 år.**

Revisjonen vart først bestilt i møte 10.09.18. Etter innspel om tilsyn frå Fylkesmannen same år innan dette tenesteområdet, vart det gjort ei ny vurdering av bestillinga. Utvalet var likevel samde i møte 29.10.18 om at revisjonen skulle bestillast, men at det og måtte takast omsyn til Fylkesmannen sitt tilsyn ved ferdigstilling av prosjektplan.

I prosjektplanen står no dette om føremålet:

*Formålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om kommunen sikrar at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tilbod. Forvaltningsrevisjonen vil rette seg mot tenestetilbudet til innbyggjarane i aldersgruppa 13-30 år.*

*Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområder.*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

*1. Kva tenester og tilbod har kommunen til personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit, og korleis er desse organisert?*

*2. I kva grad sikrar Stord kommune at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod? Herunder vil vi undersøke:*

*a. Kva rutinar har kommunen for samarbeid og koordinering mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?*

*b. Korleis fungerer samarbeidet og koordineringa mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?*

*c. Kva rutinar og prosedyrar har kommunen for å sikre brukarane sine rettigheter til individuell plan og koordinator?*

*3. Korleis sikrar kommunen at det fattast vedtak om tenester i samsvar med lovkrav? Herunder vil vi undersøke om det er avklart ansvar og mynde til å fatte vedtak etter lovkrav og kva rutinar kommunen har på området.*

Rapporten vil truleg vera klar til handsaming i kontrollutvalet sitt møte i mai 2019, og rapporten vil bli sendt kommunestyret for handsaming etter det.

## **6.5 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar**

Kommunestyret handsama rapport ifm. **Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta** i møte 23.06.16 (sak PS 38/16). Her vart fire oppfølgingspunkt samrøystes vedtekne.

Ved årsskiftet 2017/2018 gjensto oppfølging av eine punktet:

- Tenesteanalyse som inkluderer kapasiteten i barnevernstenesta, der oppfølging var antyda at skulle vera ferdig vinter 2018.

Dokumentasjon på dette vart lagt fram for kommunestyret 27.09.18 i sak PS 41/18 og for kontrollutvalet 29.10.18 i RS 20/18.

Med dette seier kontrollutvalet seg no ferdig med oppfølging av denne revisjonen.

## **6.6 Notat.**

Kommunestyret hadde notat om eigedomen Evjestrandsfjell i møte 20.10.16., sak PS 69/16.

Ved årsskiftet 2017/2018 gjensto, etter kontrollutvalet si meining, oppfølging av eine punktet:

- *Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstiltfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.*

Sak om dette vart lagt fram for kommunestyret 27.09.18 i sak PS 38/18 og for kontrollutvalet 29.10.18 i sak PS 49/18.

Kontrollutvalet fatta slik samrøystes vedtak:

1. *Kontrollutvalet takkar for oppfølging av kommunestyret sitt vedtak 20.10.16 i sak PS 69/16 om eigedomen Evjestrandsfjell.*
2. *Etter kommunestyret sitt vedtak 27.09.2018 i sak PS 38/18, der reviderte retningslinjer for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune vart samrøystes vedteke, seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.*

## **7      *Arbeid med selskapskontroll. Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020***

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."*

Deloitte AS, på bestilling frå kontrollutvalet, leia i 2016 arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll i Stord kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøter, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for selskapskontroll for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i tråd med innstillinga i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 85/16).

### **7.1    *Prosjekt innan selskapskontroll, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk.***

Det vart ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2018, men utvalet har hatt referatsaker om:

- Revidert eigarskapsmelding for Stord kommune 2018 – 2019
- Eigarstrategi for Stord kommunale eiedomsselskap AS
- Representantskapsmøte 2018 i Samarbeidsrådet.

## **8      *Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Stord kommune.***

### **Rekneskap for Stord hamnestell for 2017:**

Rådmann og økonomisjef var tilstades, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapen vart handsama i møte 15.05.18. som sak PS 28/18.

Rekneskapen for 2017 synte driftsinntekter på kr. 12.182.975 og eit rekneskapsmessig driftsresultat på kr. 3.380.349. Det gjev eit driftsresultat på 27,75 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Følgjande uttale vart fatta:

1.    *Kontrollutvalet støttar KPMG i deira brev til leiinga nr. 01 om at Stord Hamnestell så fort som mogleg må rette opp i tilhøvet rundt for lite betaling av utgåande meirverdiavgift til Skatteetaten.*
2.    *Kontrollutvalet støttar seg elles til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2017, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.*
3.    *Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet*

### **Årsrekneskap for Stord kommune for 2017:**

Kontrollutvalet handsama i møte 15.05.2018, i sak PS 29/18, årsrekneskapen i Stord kommune for 2017. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte i saka og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart mellom anna gjeve slik uttale til rekneskapen:

Av rekneskapen for 2017 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 17.272.292 dvs. netto resultatgrad på 1,20 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 3,8 % i 2017. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein frå og med 2014 bør ha netto resultatgrad på 1,75% (tidlegare 3,0%) for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Kontrollutvalet hadde slik oppsummering/tilrådingar i sin uttale:

- *Totalt sett har Stord kommune ei særstør lånegjeld og eit disposisjonsfond monaleg under tilrådingar frå Riksrevisjonen*
- *Netto driftsresultat er også under tilrådinga både frå TBU og Riksrevisjonen for 2017.*
- *Likestilling og intern kontroll er greitt framstilt i årsmeldinga. Forhold som gjeld etikk og diskriminering bør vera lettare tilgjengeleg i framtidige årsmeldingar.*
- *Endeleg årsmeldinga må vera klar og levert revisjonen innan den nasjonale fristen som er 31. mars.*
- *Endeleg årsrekneskap må ikkje endrast etter at revisor har avlagt si årsberetning*

## **9 Skatteoppkrevjarfunksjonen**

Kontrollutvalet handsama årsrapport for 2017 og kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune i sitt møte 01.03.18. som sak PS 10/18.

Det er gledeleg at skatteoppkrevjaren nok eit år oppnådde resultatkravet på 5% arbeidsgjevarkontrollar ift. tal arbeidsgjevarar i kommunen.

Skatteoppkrevjarkontoret fekk god tilbakemelding i kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017.

Kontrollutvalet gav slik uttale:

1. *Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Stord kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.*
2. *Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Stord kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vert teke til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.*

## **10 Eksterne tilsyn.**

Det er også eksterne instansar som har tilsyn med kommunane. I 2018 var det bl.a. slike tilsyn med Stord kommune:

- Fylkesmannen - tilsyn med Stord kommune sine helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning.
- Fylkesmannen – tilsyn med Stord kommune sine helse- og omsorgstenester til heimebuande eldre.
- Kystverket – tilsyn ved Leirvik hamn.

## **11 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2018 (Ikkje uttømande)**

- Status for etikkarbeidet i Stord kommune, med informasjon frå ordførar og rådmann.
- Informasjon om lokalt arbeid for å tilpassa seg ny personvernlovgjeving frå sommaren 2018, som følgje av ny EU lovgjeving.
- Budsjettbrev frå Fylkesmannen i Hordaland
- Rekneskapsrapport for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2017
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2018
- Forslag til budsjett for kontroll og tilsyn i Stord kommune for 2019
- Årsmelding 2017 for kontrollutvalet
- Melding om budsjettrevisjonar og tertialrapportar
- Henvendingar frå innbyggjarar.

## **12 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT. Deltaking på deira samlingar er omtala i neste punkt.

FKT har utarbeida ein vegleiar til «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet» i 2018. Kontrollutvalet i Stord kommune gav uttale til forslag til vegleiar. Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

## **13 Opplæring**

Som del av revisjonsavtalen sin fastpris, skal revisor tilby lokale kurs etter bestilling frå kontrollutvalet. Såleis gjennomførte KPMG to kurs på Stord i 2018:

Ifm. kontrollutvalet sitt møte 18.04.18. var det kurs om samfunnsansvar og antikorrupsjon, med forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud som førelesar. Her deltok kontrollutvalet saman med fleire frå kommuneadministrasjonen og politisk valde.

Under kontrollutvalet sitt møte 10.09.18 var det kurs for kontrollutvalet om forvaltningsrevisjon, med Håkon Lindberg som førelesar.

Vidare har heile utvalet påmeldt folkevaldopplæring for dei kommunale kontrollutvala i Hordaland, som Hordaland fylkeskommune v/ sekretariat for kontrollutvalet arrangerte i januar 2018.

Kontrollutvalet sin leiar, Fredrik Litleskare, deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen i februar 2018. Han deltok og på FKT sin fagkonferanse med årsmøte, på same stad, i mai 2018.

## **14 Kontrollutvalet på Stord kommune si heimeside**

Kontrollutvalet nyttar elektronisk innkalling til møter og utsending av saker. For å samordna kontrollutvalet si sakshandsaming med øvrige politiske møter, er det viktig å henta aktuelle dokument, og å kunna finna opplysningar lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Stord kommune har tilrettelagt og tilpassa heimeside på ein relativt god måte for kontrollutvalet sine saker.

Stord, 25.02.2019

Fredrik Litleskare  
Kontrollutvalsleiar



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2015/178-87  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	4/19	25.02.2019

## KPMG presenterer interimsrevisjonsrapport for 2018

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

### Drøfting:

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollera at dei interne kontrollane fungerer som føresettt gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på revisjonsplan for 2018 frå KPMG AS, som vart presentert på kontrollutvalet sitt møte 10.09.2018.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

I dette møtet vil KPMG AS presentera oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vera med.

Oppsummering av interimrevisjonsarbeidet ligg ved. Av følgjeskrivet går det fram at utkast til rapportering har vore framlagt for økonomiavdelinga og kommentarar frå dei er innarbeidde i presentasjonen. Vedlagt oppsummering vil ligga til grunn for orientering i utvalsmøtet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjon 2018 frå KPMG AS til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2018 frå KPMG AS til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 KPMG oppsummering etter interimrevisjon 2018





# Stord kommune. 2018

Oppsummering etter interimrevisjon



# Innhold

## **Innhold**

Status etter interim	3
Fokusområde for 2018 revisjonen	4
Observasjonar intern kontroll	5

# Status etter interim


- Vi har utført planleggingshandlinger i samsvar med revisjonsplanen.
- Vi har gjennomgått kjerneprosessar saman med nøkkelpersonell innanfor ulike driftsinntekter, lønsutgifter, innkjøp og bank.
- Vi har gjennomgått transaksjonsflyt og internkontroll i kjerneprosessar
- Vi har identifisert fokus-/risikoområde som vil krevje oppfølging fram mot årsslutt (sjå eige ark).
- Vi har sendt utkast til “observasjonar og tilrådingar” til økonomiavdelinga i kommunen og motteke kommentarar. Kommentarar frå økonomiavdelinga er markert grønt på side 5 og 6.



# Fokusområde - finansrekneskapen

Kommunen har fleire ulike operasjonelle risikoar. I revisjonen har vi fokus på dei tilhøve som potensielt kan påverke postar i årsrekneskapen.

Misligheter dukkar stadig opp i media; det viktigaste er eit godt kontrollmiljø.



# Observasjonar intern kontroll

Område	Observasjon	Risiko	Tilråding og tilbakemelding frå økonomiavdeling
Bank – Kontroll over bankkontoar og kontantkassar	Det finst bankkontoar og kontantkassar knytta til Stord kommune som ikkje inngår i kommunen sin årsrekneskap og som ikkje er ein del av kommunen sin interne kontroll.	Tilhøvet inneber ein risiko for uautoriserte utbetalingar og eventuelt manglande innbetalingar.	<p>Vi rår til at kommunen kontaktar bankforbindelsar og innhentar ein fullstendig oversikt over bankkontoar i kommunen sitt namn.</p> <p>Vi rår vidare til at kommunen tar ein gjennomgang av transaksjonane knytt til desse kontoane og tar ei vurdering om dei er knytt til kommunen si verksemd og skal inn i rekneskapen.</p> <p>Kommunen bør gjennomføre ein tilsvarande gjennomgang for kontantkassar i kommunen sine einingar.</p> <p><i><u>Tilbakemelding frå økonomiavdelinga i Stord kommune:</u></i>  <i>Dette arbeidet pågår både når det gjeld omtalte bankkontoar og kontantkassar, og vil bli ferdigstilt i løpet av våren 2019.</i></p>
Bank- Kredittkort	Kommunen har kredittkort som tilsette kan disponere i verksemda for kommunen si rekning og risiko.	Det er viktig at desse korta kun vert brukt til kostnadar som ikkje krevjer reskontroføring etter bokføringslova. Vidare må alle belastningar på korta dokumenterast ved attesterte og godkjente bilag. I motsett fall må belastninga på korta trekkjast i løn for den tilsette.	<p>Vi rår til at korta vert erstatta av kort for dei tilsette si rekning og ansvar. Utgiftene kan dei igjen få refundert av kommunen ved presentasjon av kvitteringar med tilfredsstillande dokumentasjon.</p> <p><i><u>Tilbakemelding frå økonomiavdelinga i Stord kommune:</u></i>  <i>Pr i dag har kommunen berre to slike kort, og krava som blir fakturerte må dokumenterast med kvitteringar for alle fakturapostar før faktura kan attesterast og tilvisast i samsvar med etablert rutine og på lik linje med alle andre faktura.</i></p>

# Observasjonar intern kontroll

Område	Observasjon	Risiko	Tilråding og tilbakemelding frå økonomiavdeling
Bank – administratorrettar nettbank	Alle utbetalingar frå kommunen sine bankkontoar skal i følge etablert rutine godkjennast av to ulike personar. Kommunen har tre tilsette som har administrasjonsrett i nettbank åleine.	Manglande arbeidsdeling på bankområdet aukar risikoen for misligheter og feil. Vidare er det risiko for manuell overstyring av kommunen sitt etablerte system og rutinar knytt til dobbel signatur for utbetalingar og tilgangar til kommunen sine bankkontoar.	Vi rår til at ingen tilsette har administratorrett til nettbank åleine.  <i><u>Tilbakemelding frå økonomiavdelinga i Stord kommune:</u></i> <i>Ønskje om dobbel signatur for administratorendringar er meldt bankforbindelsen vår.</i>
Arbeidsdeling – manuelle hovedbokposteringar	Alle bilag skal attesterast og tilvisast av to ulike personar i samsvar med etablert rutine. Det er mogeleg for enkeltpersonar å foreta manuelle føringar i rekneskapssystemet utan å følge etablert rutine med attestasjon og tilvising.	Det er høgare risiko knytta til manuelle bokføringar. Dette på grunn av at denne type posteringar vil vere nærliggjande å ta i bruk dersom nokon skulle ha som mål å manipulere rekneskapen for eiga eller andre si vinning.	Vi rår til at kommunen foretar ei vurdering av risikoen som finst og implementerer kontroll(ar) som er i stand til å avdekkje eventuell rekneskapsmanipulasjon via manuelle hovedbokposteringar og som såleis adresserer den risikoen som finst.  <i><u>Tilbakemelding frå økonomiavdelinga i Stord kommune:</u></i> <i>Alle utbetalingar skal vera attestert og tilviste med godkjende signaturar i samsvar med etablerte rutine som gjeld alle utbetalingar - enten det er faktura eller manuelle billag. Den som utbetale følgjer opp at dette er i orden. Alle innbetalingar skal vera dokumenterte med tilsagnsbrev eller anna dokumentasjon for innbetalinga.</i>



[kpmg.com/socialmedia](https://kpmg.com/socialmedia)



[kpmg.com/app](https://kpmg.com/app)



© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2018/77-25  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	5/19	25.02.2019

**Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene - status i arbeidet**Bakgrunn for saka:**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 29.10.18., sak PS 52/18:**

1. Kontrollutvalet stadfester at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 13 – 30 år.
2. Utvalet har slike merknader til prosjektplan frå KPMG av september 2018: Vurdera om det kan føretakast justeringar som evt. gjer at forvaltningsrevisjonen skil seg enno meir frå tilsyn på saksfeltet som fylkesmannen hadde våren 2018.
3. Forslag til justert prosjektplan vert å levera til sekretariatet så snart som råd. Den må innehalda føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, leveringstidspunkt og ressursbruk
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen
5. Utvalsmedlemmane får høve til å gje innspel til utkast til prosjektplan, før godkjenninga, men med relativt kort tidsfrist
6. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i neste utvalsmøte.

**Ferdiggjering av bestillinga**

Vedtaks punkt 3, 4 og 5 vart følgt opp i etterkant av møtet, og revisjonen har no slik:



## Føremål og problemstillingar

*Formålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om kommunen sikrar at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tilbod. Forvaltningsrevisjonen vil rette seg mot tenestetilbudet til innbyggjarane i aldersgruppa 13-30 år.*

*Forvaltningsrevisjonen vil vere forbettringsorientert, og vil ha som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbettringsområder.*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1. Kva tenester og tilbod har kommunen til personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit, og korleis er desse organisert?*
- 2. I kva grad sikrar Stord kommune at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod? Herunder vil vi undersøke:*
  - a. Kva rutinar har kommunen for samarbeid og koordinering mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?*
  - b. Korleis fungerer samarbeidet og koordineringa mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?*
  - c. Kva rutinar og prosedyrar har kommunen for å sikre brukarane sine rettigheter til individuell plan og koordinator?*
- 3. Korleis sikrar kommunen at det fattast vedtak om tenester i samsvar med lovkrav? Herunder vil vi undersøke om det er avklart ansvar og mynde til å fatte vedtak etter lovkrav og kva rutinar kommunen har på området.*

### Drøfting:

Etter avtale med sekretariatet har KPMG sendt slik statusoppdatering:

*"Revisjonen er godt i rute med forvaltningsrevisjonen. Revisjonen har hatt eit godt samarbeid med kommunen og vår kontaktperson. Det blei gjennomført i alt 9 intervju. Revisjonen har vektlagt å snakke med eit breidt spekter av tenesteytarar i kommunen, og både leiarar og tilsette. Det er også samla inn nødvendig dokumentasjon frå kommunen. Det som gjenstår er å slutføre analysen av datagrunnlaget og ferdigstille rapporten. Rådmann vil få rapporten til uttale slik han ynskjer med 2x2 veker frist for verifisering av fakta og uttale til rapporten. Rapporten vil som avtalt leverast og presenterast til kontrollutvalsmøtet i mai. "*

Dette følgjer av e-post 08.02.19 frå forvaltningsrevisor Håkon Lindberg. Han er tilgjengeleg pr. telefon på kontrollutvalsmøtet. Det er partner Willy Hauge som er tilstades frå KPMG i møtet 25.02.19.

Av omsyn til sakshandsamingstid for sekretariatet og lesetid for kontrollutvalet, vert vanlegvis leveringsfrist sett til tre veker før utvalsmøte der rapporten skal presenterast. I forslag til vedtak er det lagt opp til det, med utgangspunkt i forslag til dato for utvalsmøte i mai, jmf. anna sak til møtet.

Prosjektplan, jmf. pkt. 6 i kontrollutvalet sitt vedtak i sak PS 52/18, følgjer som vedlegg til saka.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 23.04.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Prosjektplan vedr. rus- og psykiatritenestene



# Prosjektplan

## **Rus- og psykiatritenestene**

Forvaltningsrevisjon  
Stord kommune

November 2018

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>3</b>
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Førebuing	3
<b>2. Formål, problemstillingar og kriterium</b>	<b>6</b>
2.1 Formål	6
2.2 Problemstillingar	6
2.3 Revisjonskriterium	6
<b>3. Tilnærming</b>	<b>7</b>
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	7
<b>4. Utførandre revisorar</b>	<b>9</b>
4.1 Prosjektteam	9
<b>5. Honorar</b>	<b>10</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Stord kommune vedtok i møtet 10.09.18 sak 42/18 å bestille ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om kommunen sitt tenestetilbod innan rus og psykiatri frå KPMG. Rus og psykiatri er eit prioritert forvaltningsrevisjonsprosjekt i plan for forvaltningsrevisjon. Overordna analyse peikar på at det er risiko for brot på regelverket og risiko for manglande kvalitet i tilbodet. Risikoen vurderast som høg.

Kontrollutvalet ynskte at forvaltningsrevisjonen fokuserer på tenestetilbodet til aldersgruppa 13-30 år innanfor rus og psykiatri. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn innan rus og psykiatri våren 2018. Dette vil tas hensyn til i den grad det er mogleg ved gjennomføringa av undersøkinga slik at overlappet blir minimert.

## 1.2 Førebuing

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere formål og problemstillingar. Vi har innhenta oversikt gjennom følgjande dokument:

- ✓ Nasjonale føringar og satsing innanfor psykisk helse og rus på regjeringen.no og nav.no
- ✓ Informasjon om tenestetilbod på nettsida til kommunen
- ✓ Kommunale planar: "Stord kommune – årsmelding 2017/Eining for psykisk helse og rus", "Budsjett og økonomiplan 2018-2021", "Plan for rehabilitering, helse og omsorg 2012-2021"

I den følgjande delen presenterer vi kort resultatet av den førebuande analysen, vår tolking av informasjonen og anbefaling til fokus i revisjonen.

### 1.2.1 Nasjonale satsingar og føringar innanfor psykisk helse og rus

Samhandlingsreformen legg til grunn at kommunane skal ta eit større ansvar for behandling og oppfølging av pasientar. Dette gjeld også for pasientar innan psykisk helse og rus. Som eit ledd i samhandlingsreformen har det vore ei nasjonal satsing på arbeid med psykisk helse i befolkninga. Dette viser seg i Opptappingsplanen for psykisk helse frå 2008. Her blei kommunane tilført midlar for å byggje opp tilbod for behandling og førebygging av psykiske problem.

Nasjonal satsing på arbeid, psykisk helse og rus<sup>1</sup> rettar innsats mot arbeidsretta tiltak i opptappingsplanen. Satsinga har som mål at fleire med psykiske helseproblem skal få hjelp til å komme i lønna arbeid eller aktivitet, eller hjelp til å mestre jobben dei allereie har. Innsatsen fordrar tett samarbeid med arbeidsgivarane.

Meld. St. 26 (2014-2015) "Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet" understrekar at kommunen sitt ansvar for å tilby nødvendige og forsvarlige helse- og omsorgstenester omfattar alle pasientgrupper, inkludert pasientar med psykisk sjukdom og rusmiddelproblem. Dette er også bakgrunnen for at desse bruker- og pasientgruppene er særskilt nemnd i ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Utfordringsbiletet tilseier at det er behov for heving av kapasitet og kvalitet på alle nivå i kommunene. Dette gjelder blant anna førebygging, tidleg innsats gjennom lavterskeltilbod, oppfølging av personar med lettare og moderate lidningar, heva prioritering og fortsatt omstilling i spesialisthelsetenesta og betre oppfølging etter utskriving. For å legge til rette for eit kompetanse- og kapasitetsløft må brukarar og pasientar involverast og vere sentrale i utforminga av tenestene.

---

<sup>1</sup> Dette refererer til arbeid med grunnlag i Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse (2007-2012), vidareført i Oppfølgingsplanen for Arbeid og psykisk helse (2013- 2016).

Regjeringa vil styrke tenestetilbodet til personar med rusproblem og personer med psykiske helseutfordringar. Gjennom føringar i Meld. St. 26 vil regjeringa mellom anna:

- ✓ tydeleggjere at plikta om å tilby augeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunane også omfattar brukarar med psykisk sjukdom og/eller rusproblem.
- ✓ å innføre betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- ✓ rekruttere fleire psykologar i kommunane
- ✓ styrkje kompetansen om rus i den kommunale helse- og omsorgstenesta

### 1.2.2 Rus- og psykiatritenester i Stord kommune

Stord kommune sine rus- og psykiatritenester har sidan 2016 vore organisert i fagavdelinga "psykisk helse og rus" under kommunalsjef for rehabilitering, helse og omsorg (RHO). "Andre fagavdelingar under RHO er NAV kommune, legetenesta, institusjonstenester, habilitering og rehabilitering.

"Psykisk helse og rus" har fylgjande tilbod:

- ✓ Dagsenter
- ✓ Oppfølging i bustad
- ✓ Støttesamtalar
- ✓ Lågterskel helsestasjon
- ✓ Legemiddelassistert rehabilitering
- ✓ Tilbod om individuell plan og koordinator
- ✓ Kurs

